



Hardangerrådet iks



Hardanger

Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 23.01.2015.

Tid: 09.00 – 14.00

Møtestad: Kommunehuset i Eidfjord

Rådmenn: Aud Opheim Lygre (Eidfjord), Trude H. Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ingrid Guddal (Odda), Hedvig Moe Øren (Ullensvang), Joakim Øren (Ulvik),

Administrasjon: Leiv Vambheim (Hardangerrådet iks) Sekretær.

Agenda:

09.00 Saker i Rådmannsforum

12.00 Lunsj

13.00 Saker i Rådmannsforum og Open post

14.00 Møteslutt

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller saklista.

Arild Steine orienterte om at prosjektleiar i Samhandlingsreforma sluttar den 1.mars 2015. Kan jobba litt på timebasis i vår om ønskjeleg. Rådmannen i Voss er kontakta om prosjektleiar Magne Vassenden kan stå for sluttrapporten i Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss.

Sakliste Rådmannsforum:

Alle saker er samrøystes vedtekne om ikkje anna er særskilt nemnt.

Saker:

RF-sak 01/15 Meldingar

Det var ikkje merknader til meldinga.

Arild Steine orienterte om rekning for Felles legevaktordning frå Voss kommune.

Kommunane ser på dette.

RF-sak 02/15 Nærings- og profileringsarbeid i Hardanger

Kommunane gav ei oppdatering av status næringsutviklingsarbeid i sin kommune. Felles utfordringar:

- næringsareal/bustadareal (ferdigregulert og tilgjengeleg elektronisk)
- sentrumsutvikling,
- bevaring av/få til nye statlege arbeidsplassar (statleg nedbygging er ei utfordring)
- rett kompetanse.

Næringsutvikling vert tema i møta frametter.

RF-sak 03/15 Mandat Team Hardanger.

Leiv Vambheim la fram forslag til Mandat frå Team Hardanger, samt førebels Referat frå møtet i Team Hardanger 22.01.2015.

Frå drøftinga:

- Oppgåver i mandatet må ha fokus på Informasjon, Tilrettelegging og Rettleiing. Rådmannsforum vil ha Møtereferat frå kvart møte i Team Hardanger.
- I samband med konkrete handlingstiltak framover er det skepsis til jobbmessedeltaking og internasjonalt arbeid som tiltak i Teamet. Handlingspunkta 1 – 6 treng utdjupast. Pkt 7-9 er greie. Kommunane sin informasjon på kom-an.no må styrkjast. Ein bør også ha med konkrete motiveringstiltak for privat initiativ.

Vedtak:

- Mandatet vert godkjent med slik endring av første setning: «TH skal ha fokus på informasjon, tilrettelegging og rettleiing i utviklingsarbeidet i Hardangerregionen».
- Team Hardanger kjem tilbake til Rådmannsforum med utdjupa framlegg til konkrete handlingstiltak for teamet.
- Rådmennene skal ha referat frå møta i Team Hardanger.
- Sekretæren tek kontakt med VestNorsk Brusselkontor for informasjon om korleis dei jobbar. Det er også ønske om opplæring i korleis EU-prosjekt vert bygde opp og handsama, gjerne som eit erfaringscase.

RF-sak 04/15 Kommunereforma i Hardanger

Leiv Vambheim orienterte om at Kommunereforma vert tema på Hardingtinget 13.02.2015. Joakim Øren orienterte om at han og Bjørnar Dagstad er engasjerte som prosjektleiarar i utgreiingsarbeidet i Hardanger, og dei starta 1.januar 2015. Dei samhandlar om arbeidet i kvar sine oppdrag og vil byggja utgreiinga opp kring same modellen.

«Hardanger Nord»: Kvar kommune har eigne styringsgrupper som drøftar prosessen. Involvering er eit sentralt tema. Merk at Inndelingslova seier mykje om endrignar i kommunestruktur. Kommunane er komne ulikt i prosessen og vil ha samlingar hos kvarandre for å bli betre kjende. Ulvik og Granvin har hatt møte med Voss, Vik, Aurland og Vaksdal om kommunereforma men ikkje bestemt ei fellesutgreiing.

«Hardanger Sør»: Bjørnar Dagstad besøkjer alle leiargruppene i «sine» kommunar. Det er oppretta «SharePoint-konto» for felles informasjon. Styringsgruppene er starta opp. Kvam heradstyre har nyleg hatt arbeidsmøte med innlegg frå Fylkesmann Lars Sponheim og med gruppearbeid. (Arild sender referat om dette). Kvam ser mot Bergen. Kvam, Samnanger og Fusa har felles formannskapsmøte 11. februar. Der skal det diskuterast om kommunane skal laga felles utgreiing. Det vil òg bli tatt opp til diskusjon om Jondal skal inviterast inn i utgreiingsarbeidet.

RF-sak 05/15 Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt 2015

Leiv Vambheim orienterte om at Magne Vassenden, prosjektleiar i Samhandlingsreforma vil søkja Fylkesmannen om prosjektmidlar for resten av prosjektida i 2015.

Fylkesmannen sine skjønsmidlar til Tettstadutvikling

Trebygda Granvin har fått 250.000 kr og Smelteverkstomta i Odda og Røldal har fått 500.000 kr hausten 2014. Søknadsfristen til Fylkesmannen er utsett til 13.mars 2015.

Vedtak:

Kommunane vil arbeida med søknader om skjønsmidlar 2015 fram mot søknadsfristen. Hardangerrådet vil få tilsendt ein kortversjon av søknadane med omsøkt beløp **innan 4.mars 2015** for å få bestemt prioriteringa innan søknadsfristen. Leiv Vambheim sender ut eigen epost om dette.

RF-sak 06/15 Orienterings- og drøftingssaker

- **Prosjekt Hardangerbiblioteka**

Vedtak:

Prosjekt Hardangerbiblioteka vert forlengja med 3 år 2014-2016. Kommunane fordeler kostnaden for 10 % stilling etter Hardangerrådsnøkkelen.

- **Uttale NOU 2014:12 Åpent og rettferdig- prioriteringer i helsetjenesten - notat fra KS**

Vedtak:

Brevet frå KS vert teke til vitande.

- **Kandidatar frå Hardanger til KS Rådmannsutval sentralt.**

Vedtak:

Arild Steine vert tilrådd som styremedlem i KS sitt Rådmannsutval sentralt.

- **Planlegging for samling for kommunale leiarar i Hardanger 2015?**

Vedtak:

Rådmannsforum drøfta ei dagsamling for kommunale leiarar i august/september 2015 med temaet Endringsleiing. Kjem tilbake til saka i neste møte.

- **Seminar om kommunereforma i regi av KS og FMHO.**

Vedtak:

Rådmannsforum i Hardangerrådet iks tilrår KS/FMHO å setja som tema i seminaret: «Arbeidet med og innhald i Intensjonsavtalene som skal utarbeidast mellom kommune-/heradsstyra i samband med kommunesamanslåing».